Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Dokument dato
27.03.2019

Vår referanse
19/3148/MUSI
16/2936

Vår sakshandsamar
Munkeby, Siri Martine, tlf. 934 84 034

Deres dato

Deres referanse

Arkivkode

Alarmsentral Sogn og Fjordane

Tilbakemelding på søknad om pilot i pågåande tekniske utviklingsprosjekter

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til brev frå Alarmsentralen i Sogn og Fjordane (ALSF) datert 27.02.2019. Brevets tittel er "Søknad om å få vere pilot for utprøving av situasjonsdeling, makkerløysingar og nettvevd samhandling i utviklinga av nytt oppdragshandteringssystem".

DSB takker for ein nøye utført søknad og for at det visast interesse til å medverke i arbeidet med å utvikle tekniske løysingar for framtidas naudmeldeteneste.

Når det no skal innførast ny teknologi ber Alarmsentralen Sogn og Fjordane (ALSF) i søknaden til DSB om å få vere pilot for utprøving av:

1. Nytt naudmelding- og oppdragshandteringssystem
2. Virtuell 110-sentral i Bergen/Florø
3. Framtidig situasjonsdeling 11X – regionalt og i felt

DSB, ved avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon (NBK) har sett i gang eit større arbeid knytta til framtidig oppdragshandteringsverktøy (punkt 1. ovenfor) for brann- og redningsvesen og 110-sentralane. I dette arbeidet er allereie alle 110-sentralene kobla inn. Det er også sett i gang aktivitet for å greie ut grensesnitt mellom etatane sine oppdragshandteringsverktøy (punkt 3. over) for å leggje til rette for forbedra tverretatleg informasjonsdeling. Dei ansvarlege i dei respektive prosjekta vil i løpet av kort tid kontakta ALSF for å dela informasjon om pågåande aktivitet, omfang og plan for det videre arbeidet. Partane må i denne dialogen bli einige om innhaldet og omfanget i det eventuelle samarbeidet om desse tema.

Når det gjeld punktet om "virtuell 110-sentral i Bergen/Florø" (punkt 2. over) vil DSB vise til tidligare dialog og korrespondanse om dette tema, seinest i møte mellom partane den 21.01.2019. Tekniske løysinger i eit framtidig oppdragshandteringsverktøy vil kunne leggje til rette for ulike variantar av digital samhandling, innetter i 110-tenesta og tverretatleg mellom regionane og etatanes naudmeldesentralar. Dersom slike funksjoner blir tilgjengelege, vil dette kunne bidra positivt for samhandling i naudmeldetenesta, men skal ikkje sjåast som ei erstatning for fysisk samlokalisering i naudmeldesentralane. Dette temaet vert handsama i dei pågåande prosessane som er nemnt.

DSB vil i samband med dette også vise til vedtak om nye 110-regioner og samlokalisering av naudmeldetenesta datert 15.02.2016. Vedtaket beskriv dei nye 110-regionane, at det skal vere éin 110-sentral i kvar region og at desse skal samlokaliserast med politiets operasjonssentralar. 110-sentralen i Vest 110-region skal liggje i Bergen. Arbeidet med samlokalisering av naudmeldetenesta i Bergen er knyta til pågåande prosessar for framtidig politihus i Bergen. Det er på noverande tidspunkt såleis

usikkert når ein samlokalisert sentral i Bergen kan etablerast. I møtet den 21.01.2019 blei utredninga av ny 110-region for Hordaland og Sogn og Fjordane presentert.

Med helsing
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Brann og redning

Dag Rune Omland
Seksjonssjef

Siri Martine Munkeby
Prosjektleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til:
Brannsjefen i Bergen
110-sentralen i Bergen
KS Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkesmannen i Vestland